



VAFFELTUR: Svein Kvernstuen og dottera Rebekka Bru Kvernstuen reiste frå Sandnes til Voss for å kjøpa pølse og vaffel, ei reise på rundt 300 kilometer. - Det var ein fantastisk tur, seier piloten. Flyvertinna Rebekka var heilt samd. Foto: Frode Rene

Flaug 300 kilometer for å kjøpa vaffel

Frode Rene
[Profil](#) [E-post](#)

Tweet 0

+1 0

Anbefal 20

Skriv ut

Tips en venn

Publisert 22.09.2012 kl 17:28 Oppdatert 23.09.2012 kl 17:17

Det tok heilt av då flymiljøet på Voss inviterte til vaflar laurdag.

Svein Kvernstuen og dottera Rebekka Bru Kvernstuen (6) frå Sandnes flaug frå Sola til Voss for å kjøpa vaflar. Reisa på kring 300 kilometer gjorde dei ingenting.

– Det var ein fantastisk flott tur. Fyrst landa me i Rosendal og kjøpte oss ein is, deretter flaug me vidare til Voss og kjøpte vaflar og pølse, fortel pilot Kvernstuen.

– Rebekka har vore flyvertinna mi ombord heile vegen til Voss.

– Korleis var det å fly frå Stavanger til Voss i dette vëret?

– Heilt fantastisk. Me flaug i rundt 350 meter høgd heile vegen frå Sola til Voss. Undervegs såg me på flotte hytter som var bygde i strandsona, me såg på dei flotte strandlinene i Hardangerfjorden. Me har rett og slett bare note utsikten heile vegen, seier han.

Til saman reiste det fire fly frå Sola til Voss, men det var også fly frå Egersund og Høyland på Jæren med på turen, fortel han.

Tok heilt av

Trafikken på den ellers så rolege Bømoe flyplass kunne laurdag ettermiddag sjå ut som på Heathrow i London. Fleire fly låg i kø etterkvarandre for å få landa på flyplassen.

Ideen om å få til eit såkalla «Fly in» på Bømoe vart bestemt i full fart torsdag kveld. Ved hjelp av dagens elektroniske hjelpemidlar, vart invitasjonen om vaflar og pølseservering på Bømoe sendt ut i løpet av sekund. Lite visste arrangørane at det skulle koma så mange deltakarar. Det tok rett og slett heilt av.

– Dette er jo heilt fantastisk, det syner berre at det framleis er eit yrande flymiljø på Voss. Pilotane har nok vore underernærte på sol og opphaldsvêr den siste tida. Når det fyrst vart sol, ville alle ut og fly, seier Jan Fredrik Fleischer Tønjum og legg til at han aldri hadde drøymt om at det skulle koma så mange til Voss laurdag.

Før dagen var omme hadde 22 fly vore innom flyplassen på besøk. I tillegg kom alle flya som til dagleg står på Voss. Truleg var det over 30 fly utstilte på flyplassen.

Fly og pilotar kom frå Egersund, Stavanger, Haugesund, Stord, Bergen og sjølv sagt frå flymiljøet langs Hardangerfjorden.

Fleire valde å reisa heim laurdag kveld, medan andre valde å vera att på Voss og nyta resten av helga i solskinet.



MANGE KOM: At det skulle koma så mange som 22 fly til Bømoe etter vaffelinvasjonen på internett, hadde ikkje arrangørane på Voss venta seg. Foto: Frode Rene



VAFFELEKSPRESSEN: Kenneth Klette (t.v) og Nils Ringheim steikte vaflar for harde livet laurdag. Foto: Frode Rene

MEST LESE NO



Her styrtar mikroflyet

LOKALNYTT Dag Rykkje og sonen hans skulle berre landa på Hardangerfjorden. [Les meir](#)

Yrkessjåfør mista lappen

ULVIK/GRANVIN Køyrde i 66 kilometer i timen gjennom 40-sona i Granvin. [Les meir](#)

annonse

annonse

Ny kodekrim fra Tom Egeland!
 Hemmelige brorskap, mystiske koder og et farlig spørsmål: hva rommet egentlig Paktens ark?

TOM EGELAND
NOSTRADAMUS' TESTAMENTE

Vell 399,-
349,-
 SPAR 50,-

SJEKK bokkilden.no -billige bøker på nett

VG

Togreiser fra Stavanger

NSB gjør resien en del av opplevelsen. Velkommen om bord.

www.nsb.no

Fly Norwegian

Lave priser på fly og hotell på alle Norwegian destinationsjoner.

www.Norwegian.no

Fly SAS

Online-check in & gratis setevalg. 23 kg bagasje inkl. Bestill fly her

www.sas.no

annonse

Legg igjen en kommentar



Vangsvatnet rundt

VOSS Inspirerte av NRK, har Terje Nesthus og Daniel Møen laga videoen «Rundt Vangsvatnet minutt for minutt». [Les meir](#)



Kaldt - mildt - kaldt

VIND OG VER Slik ser vårprognosane ut hjå Meteorologisk institutt fram mot neste helg. [Les meir](#)